

Sakliste for årsmøtet

Sak 1

Konstituering, møte- og valreglement

1.1. Godkjenning av innkallinga

Innkalling til årsmøtet vart sendt ut 12. februar. Det er innan fristen jamfør vedtektene. Sakspapira vart sendt ut 6. mars som er innan fristen på 14 dagar satt i vedtektene.

Forslag til vedtak:

Innkallinga vert godkjent.

1.2. Godkjenning av sakslista

Førebels sakliste vart sendt ut saman med kunngjering av tid og stad for årsmøtet den 12. februar. Den endelege sakslista har ei litt anna rekkefølge enn den førebelse. Det er ikkje kome inn saker frå klubbane eller enkeltmedlemer. Styret legg fram to saker.

Sakliste:

Sak 1 Konstituering, val og møtereglement

Sak 2 Årsmelding og førebels rekneskapsrapport

Sak 3 Budsjett 2025

Sak 4 Val

Sak 5 Retningslinjer for den komande perioden

Sak 6 Innmelde saker frå medlemene og klubbane

Sak 7 Saker frå styret

Sak 8 Evt. resolusjon

Forslag til vedtak:

Saklista vert godkjent.

1.3. Val av to personar til å underskrive protokollen

Forslag til vedtak:

..... og..... vert valde.

1.4. Val av referent

Forslag til vedtak:

Marta Dalane vert vald som referent.

1.5. Møtereglement

Styret føreslår følgjande møtereglement:

- Ingen avgrensingar i taletid.
- Møteleiar fordeler ordet i den rekkjefølge ein teiknar seg.
- Møteleiar føreslår strek. Årsmøtet godkjenner eller forkastar forslaget.
- Votering skjer ved handsopprekking og krev simpelt fleirtal.

Forslag til vedtak:

Møtereglementet vert godkjent.



1.6 Valreglement

Det skal takast omsyn til følgjande valreglement

- 1) Kvoteringsreglane, jamfør §15 i vedtektene.
- 2) Styret skal ha fem medlemer og tre varamedlemer. Styret skal setjast saman slik at det får ein rimeleg representasjon frå dei ulike medlemsgruppene. Minst eitt styremedlem skal vere leiarrepresentant. Leiar, nestleiar og varamedlemene er fritt valde. Val av leiar og/eller nestleiar skjer først i plenum.
- 3) Val av øvrige styremedlemer og varamedlemer skjer i plenum.
- 4) Ved personval er hovudregelen skriftlege val. Det kan stemmast blankt. Open avstemming(akklamasjon) kan nyttast der det føreligg einstemmig innstilling frå valkomitéen, og det ikkje føreligg andre forslag.

- 5) Ved votering i personval med andre kandidatar, vert det kravd 2/3 fleirtal for å bli vald. Ved omval mellom dei to kandidatane som fekk flest stemmer, blir den som får flest stemmer vald.
- 6) Det skal veljast to varamedlemer.
- 7) Alle val gjeld for to år, det vil seia for perioden 1.8.25-31.7.27.

Forslag til vedtak:

Valreglementet vert godkjent

1.7 Val av møteleiar

Forslag til vedtak:

Siren Johanne Lorvik vert vald som møteleiar.

Sak 2

Årsmelding og rekneskapsrapport pr. 31.12.24.

Årsmeldinga for 2024 og rekneskapsrapporten vert lagt fram av leiaren. Rekneskapsrapperten er berre ein rapport til informasjon, det er ikkje ein revidert rekneskap.

Forslag til vedtak

Årsmeldinga for Utdanningsforbundet Hjelmeland vert godkjent.

Årsmøtet gir styret i lokallaget fullmakt til å behandle og godkjenne årsrekneskapen for 2024.

Sak 3

Budsjett 2025

Styret har vedtatt budsjettet for 2025. Årsmøtet får budsjettet til orientering, men dersom årsmøtet ønskjer å gjera endringar i budsjettet, må styret ta omsyn til det. Budsjettet er uansett berre eit rammebudsjett der styret kan føreta omdisponeringar i løpet av året.

Forslag til vedtak:

Budsjettet for 2025 vert godkjent.

Sak 4

Val

Styret i lokallaget inneverande arbeidsår:

Sigrund Mosnes	Hjelmeland barneskule	Leiar	På val
Sigrund Mosnes		HTV	Ikkje på val
Kathrine Mikalsen	Årdal skule	Nestleiar	Ikkje på val
Marta Dalane	Fister skule	Sekretær	På val
Aud Valebjørg	Fister barnehage	Kasserar	På val
Siri Vestersjø	Årdal barnehage	Medlemsansvarleg	Ikkje på val
Siren J. Lorvik	Flyktning- tenesta	1. varaperson	På val
Astrid Rosså	Hjelmeland ungdomsskule	2. varaperson	Ikkje på val
Judith Bergøy	Hjelmeland barnehage	3. varaperson	På val

Val av leiar i lokallaget

Sigrund Mosnes er på val som leiar, ho har takka ja til attval. Det er høve til å kome med benkeforslag

Forslag frå valkomitéen

Sigrund Mosnes vert vald som leiar for perioden 1.8.25-31.7.27.

Val av medlemer og varapersonar til styret i lokallaget

Styremedlemene Marta Dalane og Aud Valebjørg er på val. Marta har takka ja til attval, Aud har takka nei til attval. Det er høve til å kome med benkeforslag.

Forslag frå valkomitéen

Marta Dalane vert vald til styremedlem for perioden 1.8.25-31.7.27

Judith Bergøy vert vald til styremedlem for perioden 1.8.25-31.7.27

Varapersonane Siren J. Lorvik og Judith Bergøy er på val. Siren har takka nei til attval, Judith har takka ja til vervet som fast medlem i styret.

Det er høve til å kome med benkeforslag.

Forslag frå valkomitéen

Solgunn Asprusten (Hjelmeland ungdomsskule) vert vald til første varaperson for perioden 1.8.25-31.7.27

Tarek Al Shhadat (Hjelmeland barneskule) vert vald til tredje varaperson for perioden 1.8.25-31.7.27

Sak 5

Retningslinjer for styret i den komande perioden

Styret la ikkje fram forslag til handlingsplan på årsmøtet i fjor. Det vart i staden lagt opp til ein diskusjon i grupper med innspel frå årsmøtet kva saker styret burde konsentrera seg om. Det kom ein del saker som har vore aktuelle saker for styret i løpet av året. Viser til utfyllande informasjon i årsmeldinga.

Styret legg opp til den same prosessen for den komande arbeidsåret. Me ønskjer innspel på kva medlemene meiner bør vere viktige saker for styret. Kva saker skal styret leggja spesielt vekt på i det komande skule- og barnehageåret?

Innspela vert noterte og innarbeidde i styret sitt arbeid. I tillegg vil styret ta inn andre saker som kan verta aktuelle.

Forslag til vedtak:

Arbeidet i lokallagsstyret skal bygga på dei signala og føringane som årsmøtet vedtek samane med arbeidsområde som styret evt. føyer til.

Sak 6

Innmelde saker frå medlemene og klubbane.

Det er ikkje meldt inn saker.

Sak 7

Saker som styret legg fram

1. Utviding av stigen for kompetansegjevande etter- og vidareutdanning.
2. Omgjering av vedtaket om gratis barnehage.

Utviding av stigen for kompetansegjevande etter- og vidareutdanning

I 2023 blei satsane for kompetansetillegg i kommunen justerte. I dag er det slik at ein får lønnsauke etter 15, 30, 45 og 60 fullførte studiepoeng viss ein tek relevant vidareutdanning som ikkje allereie gir lønnsauke gjennom stigane i kompetanselønnssystemet, opprykk til ny stillingskode eller gjennom ordinære/særskilde forhandlingar. Satsane er for tida 7500 kr, 15000 kr, 22 500kr og 30 000 kr brutto i full stilling.

Det er ulike grunnar til at medlemen vel å ta etter- og vidareutdanning. Det kan vere snakk om karriereutvikling, behov for kompetanseheving, omstilling, krav frå arbeidsgjevar, personleg utvikling eller auka tryggleik i jobben. Ei utviding av denne stigen kan kanskje motivere tilsette til å ta relevant etter- og vidareutdanning som kommunen som arbeidsgjevar vil vere tent med. Det er

fleire kommunar i Rogaland som har utvida denne stigen og me veit at det er mange medlemer som allereie har nådd maksimalt kompetansetillegg.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ønsker at Utdanningsforbundet Hjelmeland skal arbeide for at stigen som fører til auka løn for relevant etter- og vidareutdanning skal aukast til 90 og 120 studiepoeng med påfølgjande kronebeløp.

Omgjering av vedtaket om gratis barnehage

Gratis barnehage i Hjelmeland kommune blei innført frå og med august 2022, og det gjeld både opphald og mat. Bakgrunnen for satstinga var eit synkende barnetal og eit ønske om å motivere barnefamiliar til å busetje seg i Hjelmeland. Den gong kosta dette vedtaket kommunen 4,2 millionar i året. Det er ikkje lagt fram tal for kor mykje det faktisk kosta dei to siste åra.

På så kort tid er det vanskeleg å måle om gratis barnehage har ført til auka tilflytting av barnefamiliar, og frå 2022 og fram til no har det skjedd endringar når det gjeld finansieringa av barnehagane i kommunane i Noreg. Staten dekkjer ein større del av kostnaden, og frå august 2024 blei maksprisen for ein barnehageplass redusert til 1500 kr i månaden for barn i utkantkommunar, og familiar med dårleg betalingsevne får allereie redusert eller ingen foreldrebetaling.

Nesseby kommune i Finnmark hadde gratis barnehage for om lag 10 år sidan, men avvikla det grunna endringar i den økonomiske situasjonen til kommunen. No har rett nok regjeringa innført gratis barnehage i Finnmark og Nord Troms som eit tiltak for å styrke befolkningsutviklinga i Nord-Noreg.

Opposisjonspartia i kommunestyret (H/KrF) ville ved behandlinga av budsjettet for 2025 avvikle denne ordninga frå og med 2026, men posisjonspartia (SP/AP) vil halda fram med gratis barnehage.

Utdanningsforbundet var svært skeptisk til tiltaket då det blei innført, og frykta at det ville føre til færre tilsette og ein dårlegare barnehage. Me meiner framleis at dette er feil prioritering av midlar som heller vore brukt direkte inn i barnehagane på til dømes auka bemanning, nytt utstyr eller oppgraderinga av uteområda. Det er ei tydeleg stemme frå medlemene i barnehagen at dette tiltaket må avviklast. Me veit at kommunen skal spara betydelege summar dei neste åra og kommunen brukar allereie over evne. Politikarane skal snart ta stilling til kva struktur me skal ha innan oppvekst i framtida, då er dette feil bruk av knappare ressursar.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ønsker at Utdanningsforbundet skal halda fram påverkningsarbeidet mot politikarane i posisjonspartia og få dei til å forstå at me vil ha nye innbyggjarar til kommunen på grunn av attraktive barnehagar, ikkje på grunn av gratis barnehagar.